STORD KOMMUNE

kristtornbyen



# Overgangsplan barnehage-skule

Planen er administrativt vedteken frå 1. august 2016

# Innhald

1. Bakgrunn: side 3
2. Oversyn over barnehagar og skular i dei ulike skulekrinsane side 4
3. Årshjul for samarbeid side5-7

**Vedlegg** side 8-10

Vedlegg 1:
Døme mappe med skriftleg informasjon til skulen om barnet

Vedlegg 2:
Skjema: Samtykke til overlevering av informasjon

Vedlegg 3:
Skjema: Barn med minoritetsspråkleg bakgrunn

# 1. Bakgrunn

Rammeplan for barnehagen og læreplanverket for Kunnskapsløftet slår fast at barnehage og skule skal samarbeida til beste for barnet, og slik medverka til å letta overgangen for barna.

Barnehagen er det første steget i barn sitt utdanningsløp, og dei skal oppleva at det er samanheng i overgangen frå barnehage til skule. Skulen skal byggja vidare på læring frå barnehagen. Dette er mellom anna sikra ved at dei sju fagområda i barnehagen sin rammeplan vert spegla i faga barna møter i skulen.

Tilsette i barnehage og skule skal i fellesskap leggja til rette for at barn møter skulen med tryggleik og tru på eigne føresetnader.

**Mål overgangsplanen**

- Gje det enkelte barnet ein god overgang frå barnehage til skule
- Reiskap for føresette og tilsette i barnehage og skule for å få dette til

**Kjelder - ressursar**

| | |
|---|---|
| UDIR | Veileder: Fra eldst til yngst - samarbeid og sammenheng mellom barnehage og skole |
| | Rammeplan for barnehagens innhold og oppgaver |
| | Språk i barnehagen - mye mer enn bare prat |
| | Språk og språkmiljø - refleksjonsverktøy |
| | Temahefte om språklig og kulturelt mangfold |
| | Samarbeid og sammenheng mellom barnehage og skole for barn med flerspråklig bakgrunn |
| | Mino - Læremidler for språklige minoriteter |
| | Læreplanverket - prinsipper for opplæringen |
| NAFO | Barn i fleirspråklege familiar - informasjonshefte |
| fug - Foreldreutvalget for grunnopplæringen | Med spent forventning .... Sjekkliste for ein god barnehageslutt og ein god skulestart |

## 2. Oversyn barnehagar og skular i dei ulike skulekrinsane

Sagvåg skule og Litlabø skule

Sagvåg og Litlabø barnehage, Sagvåg Maritime FUS barnehage og Solsikkene barnehager as

Tjødnalio skule

Tjødnalio barnehage og Valvatna FUS barnehage as

Langeland skule

Trodlahaugen barnehage, Kåreviksmarka FUS barnehage as, Olderdalen FUS kulturbarnehage as, Heiane barnehage og Frien barnehage

Leirvik skule

Skogatufto barnehage, Naustvågen barnehage, Sæ barnehage, Ås barnehage og Vikahaugen barnehage

Hystad skule

Furuly barnehage, Dalen FUS barnehage as og Sævarhagen FUS barnehage as

Rommetveit skule

Nordbygdo FUS barnehage as og Villvettene friluftsbarnehage

**Rådgjevarar for barnehage og skule** kallar inn pedagogar i barnehagane og skulane som skal ha 1. trinn frå hausten til fagleg drøfting og erfaringsutveksling, jf årshjulet s. 6.

**Rektor på kvar skule** kallar inn til overføringsmøte med overlevering av mapper, mellom pedagogar i barnehagar og skule som skal ha barn på 1. trinn frå hausten, jf årshjulet s. 7.

## 3. Årshjul for samarbeid

Årshjulet synleggjer tiltak som gjeld alle barnehagane og barneskulane i kommunen. NB! Rektorar og styrarar skal involvera aktuelle tilsette i arbeidet.

<table>
<tr><th>Tid</th><th>Område som skal gjennomførast</th><th>Ansvar</th><th>Kommentarar</th></tr>
<tr><td colspan="4">Vår 1</td></tr>
<tr><td>Januar<br><br>1,5 år før skule-start</td><td>Skulane får melding om barn med nedsett funksjonsevne</td><td>Styrar i samarbeid med førsette<br><br>Helsesøster der barnet ikkje går i barnehage</td><td>PPT, evt fysioterapeut, rektor og barnehagestyrar deltek i dette møtet</td></tr>
<tr><td colspan="4">Haust</td></tr>
<tr><td>August / sept.</td><td>Foreldremøte i barnehagen<br>➢ Informera om overgangsplanen og samarbeidet med skulen<br>➢ Informasjon om rettleiande krinsgrenser</td><td>Styrar</td><td>Gjeld føresette til barna som skal byrja på skulen komande haust</td></tr>
<tr><td>Oktober/ nov.</td><td>Informasjon-/ innskrivingsmøte<br>Føresette til barn som skal byrja på skulen komande haust vert kalla inn til nærskulen.<br><br>Informasjon om:<br>➢ Korleis skulen arbeider utvikling av ein god lese-/ skrivestart<br>➢ Korleis skulen arbeider med utvikling av barn sin sosiale kompetanse<br>➢ Korleis skulen arbeider med utvikling av barn si sjølvregulering<br><br>Skulehelsetenesta og evt. andre kommunale tenester orienterer om arbeidet sitt.</td><td>Rektor</td><td>Jf. Infofaldar om korleis stimulera til god språkutvikling hjå barn</td></tr>
</table>

| **Vår 2** | | | |
|---|---|---|---|
| Januar | Møte vedrørande barn som kan ha behov for spesialundervisning i skulen ved skulestart same haust .<br><br>Føresette i samarbeid med styrar søkjer evt. om spesialundervising | Styrar i samarbeid med føresette | Gjeld barn som kan ha rett til spesialundervisning , jf veiledar.<br>PPT, rektor, og evt. andre føresette ynskjer skal vera med, deltek i dette møtet |
| Februar | Kartlegging av minoritetsspråklege barn si forståing av norsk talespråk, t.d. ved bruk av TRAS, observasjon | Styrar | Viktig at barnehagen arbeider godt med minoritetsspråklege barn si norskspråklege utvikling, og slik bidreg til eit godt grunnlag før skulestart. |
| Mars/ april | **Barnesamtale**<br>Ped.leiar og barnet samtalar om kva informasjon skulen skal få.<br>Mappe 1<br>Inneheld informasjon om barnet<br><br>Mappe 2<br>Inneheld konfidensiell informasjon om barnet. Døme: Alle med, TRAS, Språkpermen | Styrar | Mappe 1<br>Jf vedlegg nr 1<br><br>Mappe 2<br>Vert levert skulen dersom barnehagen og føresette meiner det er behov for det |
| April/mai | **Foreldresamtale**<br>Drøfting av informasjon om barnet som skal gjevast til skulen | Styrar | Barnehagen får skriftleg samtykke av føresette om overføring av informasjon om barnet til skulen,<br>jf. vedlegg nr 2 |
| Første tysdag i mai,<br>Kl 13.00 – 15.00 | **Fagleg drøfting / erfaringsutveksling**<br>Pedagogar i barnehage og skule møtest for å drøfta fagleg arbeid og utveksla erfaring. | Rådgjevarar for barnehage og skule | Pedagogar i barnehage og pedagogar i skule som skal ha 1. trinn frå hausten.<br>Fokus på arbeid med barn si sosiale- og språklege utvikling. |
| Mai/ juni | **"Bli-kjent-dagar"**<br>Nye elevar på 1. trinn besøkjer skulen saman med føresette | Rektor | Rektor sender invitasjon til elev og føresette og legg ut informasjon om datoane på heimesida i god tid |

| | | | |
|---|---|---|---|
| Mai/juni | **Skulane får melding om barn som kan ha rett til spesialpedagogisk undervising og/eller særskilt norskopplæring / morsmålsopplæring**<br><br>Dette må koma fram i vedlegg nr. 1 og 3.<br><br>*NB: Må ha samtykke av føresette til dette.* | Styrar | |
| Mai/juni | **Overføringsmøte**<br>Overlevering av mapper til aktuell skule frå pedagogar i barnehage til pedagogar som skal ha barna på 1. trinn frå hausten av.<br><br>*NB: Eit slikt møte føreset samtykke frå føresette.* | Rektor | Rektor sender innkalling til barnehagane som har barn som skal byrja på aktuell skule<br><br>Pedagogar i barnehage og pedagogar som skal ha barna på 1. trinn, går gjennom informasjonen frå barnehagane |
| Juni | **Eventuelle overgangssamtalar**<br>Gjeld:<br>➢ Barn som kan ha rett til spesialpedagogisk undervisning frå dei byrjar på skulen, jf. Opplæringslova §5-1<br><br>➢ Minoritetsspråklege barn som kan ha rett til særskilt norskopplæring / morsmålsopplæring, jf opplæringslova §2-8 | Rektor | Rektor sender innkalling til aktuelle føresette og barnehagar om overgangssamtale rundt elevar som kan ha rett til spesialundervising og/eller særskilt norskopplæring/morsmålsopplæring |

**Merk:**

Årshjulet er minstepraksis. Barnehagar og skular kan til dømes gjera avtale om at dei eldste barnehagebarna besøkjer skulen i nærmiljøet, og at pedagogar i skule og barnehage hospiterer hjå kvarandre.

# Vedlegg

**Vedlegg nr. 1:**

**Døme på mappe med skriftleg informasjon til skulen om barnet**

Innhaldet byggjer på observasjonsmaterialet TRAS, Alle med, språksprell og observasjonar i frie og tilrettelagte aktivitetar.

**Eg kan / likar:**
Døme: Å hoppa på trampoline og leika i sandkassen.
**Eg er god til:**
Døme: Sykla på tohjulsykkel, sykla 8 tal.

**På skulen gler eg meg til:** Å leika med venner, gå til skulen og å ha da gøy og skate.

**Namn:**

Dato og underteikning, ved pedagogisk leiar

**Likar godt ( døme ):**

- Å fortelja og bidra med innspel i samling
- Å fortelja vitsar og frå erfaringar
- Å dikta eventyr
- Å dela med andre
- Å leika med bokstavar
- Å teikna, mala, modellera, med meir
- Å dansa og turna
- Å undersøkja og undra seg over kva som er i naturen

**Meistrar ( døme ):**

- Skriv namnet sitt
- Telje med parkoppling
- Kjenner att skrivne tal
- Lytta til høgtlesing
- Gjenfortelja frå høgtlesing
- Å fortelja i stor gruppe
- Kollektive beskjedar
- Spelereglar i brettspel med meir
- På- og avkleding
- Personleg hygiene
- Venta på tur.

Kan øve seg på:

**Vedlegg nr. 2**

## Samtykke til å gi informasjon

Namnet til barnet: ……………………………………………………………………….

Fødselsdato: …………………..

Eg/Me gir samtykke til at …………………………………………. tar kontakt med dei tenester eg/me her tillèt, for at barnet mitt/vårt kan få nødvendig oppfølging/ henvising i tilknyting til

…………………………………………………………………………………………………………………………

…………………………………………………………………………………………..............................

Eg tillèt at følgjande informasjon kan gis:

☐ Alt som blir vurdert som nødvendig

☐ Det kan informerast om:

………………………………………………………………………………………………………

……………………………………………………………………………………………………..

Set kryss ved dei tenestene som kan kontaktast:

☐ Barnehagen

☐ Skulen

☐ Pedagogisk psykologisk teneste

☐ Helsestasjon/skulehelsetenesta

☐ Barnevern

☐ Barne- og ungdomspsykiatri

☐ Andre……………………………………………………………………………

**Dette samtykket gjeld fram til…………………………, eller til eg/me trekkjer samtykket tilbake, jf. Veileder:Taushetsplikt og samhandling i kommunalt arbeid for barn-ungdom-familier**

Dato: …………………….. Føresett ……………………………………………….

Dato: …………………… Føresett………………………………………………

Samtykket er underteikna i nærvær av: ……………………………………………………………

**Vedlegg nr. 3:**

## Barn med minoritetsspråkleg bakgrunn

**NAMN BARNEHAGE: ………………………………………………………………….**

<table>
<tr><td colspan="4">Namn barn</td><td colspan="2">Fødd</td><td colspan="2">Kjønn</td></tr>
<tr><td colspan="4">Nasjonalitet</td><td colspan="2">Tal år i Norge</td><td colspan="2">Tal år i barnehage</td></tr>
<tr><td colspan="4">Mor:</td><td colspan="4">Far:</td></tr>
<tr><td colspan="4">Språket til mor</td><td colspan="4">Språket til far</td></tr>
<tr><td colspan="4">Skulegang/yrke frå heimlandet</td><td colspan="4">Skulegang/yrke frå heimlandet</td></tr>
<tr><td colspan="8">Kva språk brukar føresette i samtale med barnet?</td></tr>
<tr><td colspan="8">Kva språk brukar barnet i samtale med føresette?</td></tr>
<tr><td colspan="8">Har barnet søsken eller andre som kan snakka norsk?</td></tr>
<tr><td colspan="8">Om barnet – informasjon ut frå observasjonar/kartlegging</td></tr>
<tr><td colspan="8">Norskkunnskap:</td></tr>
<tr><td colspan="8">Føresette si vurdering av barnet sitt språk</td></tr>
<tr><td colspan="4">1.språk (barnet sitt morsmål)</td><td colspan="4">2.språk (norsk)</td></tr>
<tr><td>Flytande</td><td>Godt</td><td>Litt</td><td>Ingenting</td><td>Flytande</td><td>Godt</td><td>Litt</td><td>Ingenting</td></tr>
<tr><td></td><td></td><td></td><td></td><td></td><td></td><td></td><td></td></tr>
<tr><td colspan="4">Kommentar:</td><td colspan="4">Kommentar:</td></tr>
<tr><td colspan="8">Det vert tilrådd tolk ved samtale med foreldra (set kryss) □ ja □ nei</td></tr>
<tr><td colspan="8">Andre opplysningar</td></tr>
<tr><td colspan="8">Føresette godkjenner at informasjon vert overført frå barnehage til skule</td></tr>
<tr><td colspan="2">Dato</td><td colspan="6">Underskrift føresette</td></tr>
<tr><td colspan="2">Dato</td><td colspan="6">Underskrift ped.leiar</td></tr>
<tr><td colspan="2">Dato</td><td colspan="6">Underskrift styrar</td></tr>
</table>